

Saksbehandlar: Øyvind Sunde Høstaker, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/4678-1

## Deltaking i EU-prosjektet "Rural focused European creative and cultural cooperation project."

### Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek som partner i «Rural focused European creative and cultural cooperation project».
2. Prosjektet har som mål å utveksle erfaring med turnering av kultur i rurale område og å utveksle kulturprogram mellom dei ulike partnerlanda. Prosjektet går over tre år med oppstart våren 2017, og vert ein prioritert innsats i Den kulturelle skulesekken i prosjektperioden.
3. Det vert løyvd €150 (tilsvarande om lag 1,4 mill kr) av fondsmidlar øyremerka Den kulturelle skulesekken, funksjon 77113.

### Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

The National Rural Touring Forum (England, Wales and Scotland) har tatt initiativ til prosjektet *Rural focused european creative and cultural cooperation project* med målsetting å sende prosjektsøknad til Creative Europa oktober 2016. Prosjektet vil ha varigheit på tre år med oppstart mai 2017.

Målsetting for prosjektet er:

- Styrke kapasitet og kompetanse innan performativ kunst (dans, teater og musikk) gjennom internasjonalt samarbeid om programmering, formidling og produksjon.
- Dele kunnskap om kunstformidling i distrikta for å kunne møte dei særskilte regionale utfordringane på dette området.
- Finansiere turnear på tvers av landegrensene og etablering av eit nytt europeisk nettverk for turnear i område med eit avgrensa kulturtilbod.
- Styrke publikum sin tilgang på kulturopplevingar i distrikta på lik line med urbane strøk.
- Styrke forskning for å kunne møte felles utfordringar i partnerskapslanda når det gjeld kunstformidling i distrikta.

Norsk scenekunstbruk vart i utgangspunktet ønskt som norsk partner i prosjektet. Norsk scenekunstbruk er ikkje ein turneorganisasjon, og utforda vidare Sogn og Fjordane fylkeskommune til å gå inn som norsk partner gjennom sitt arbeid med Den kulturelle skulesekken (DKS). Fylkesdirektøren vurderte dette som interessant, og deltok i mai på eit innleiande møte mellom partnerane der ein avklarte innhald og storleik, leadpartner og vidare framdrift av prosjektet.

## Møte i Tallin 18.-20.mai 2016

Partnerane i prosjektet hadde arbeidsmøte i Tallin 18.-20.mai.

- Her vart det sett opp økonomiske rårer for prosjektet
- The National Rural Touring Forum (NRTF) vart oppnemnt som leadpartner
- Det var drøfting av innhald og type kulturproduksjonar for utveksling mellom landa
- Avtalt møte i august for avklaring før søknad vert sendt
- Avtalt å sende søknad for prosjektet 1.oktober 2016

### Partnerane for prosjektet er:

1. The National Rural Touring Forum (England, Wales and Scotland) - Leadpartner
2. Region Varmland/Riksteatern Varmland (Sweden)
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune (DKS) (Norway)
4. Eesti Tantsuagentuur (Estonia)
5. Zuviesakis/Plartforma (Lithuania)

### Økonomi

- Totalbudsjettet for prosjektet er €848.000. Finansiering frå Creative Europa vil utgjere €200.000 av dette.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt bidrag er €50.000 (465.000) pr. år i tre år, finansiert gjennom spelemidlar til turnering i DKS.
- Fylkeskommunale kostnader knytt til arbeidstid, reise og opphald i prosjektet vert dekt innanfor ordinært årsbudsjett.
- Kostnader til skriving av søknaden, Sogn og Fjordane sin del er €600, dette vert dekt innanfor ordinært budsjett i 2016.

## 2. Vurderingar og konsekvensar

«Kunst og kultur kan bygge bru mellom kulturar og etniske grupper og skape grobotn for demokratiske prinsipp, toleranse og sosial rettferd» heiter det i St.meld. nr 8 om Kulturell skulesekk for framtida.

*Rural focused European creative and cultural cooperation project* inneber ei utveksling av erfaring med å turnere kunst og kultur i rurale område. DKS er ei godt utbygd ordning for å turnere kunst og kultur, og fylkeskommunen har lang erfaring med å turnere i område med store utfordringar i samband med reise, naturtilhøve og skiftande klimatiske forhold.

Fylkesdirektøren vurderer det som viktig og interessant for Sogn og Fjordane fylkeskommune å delta i dette prosjektet, og grunnlaget for prosjektdeltakinga er god ved at vi kan knytte prosjektdeltakinga direkte opp til eksisterande aktivitet. Prosjektdeltakinga vil også gje oss nye erfaringar som kan nyttast i arbeidet vårt, samtidig som vi vil kunne formidle eit godt innarbeid formidlingsopplegg til våre naboar i andre delar av Europa.

Samarbeidet mellom landa vil innebere utveksling av erfaring og turnering av produksjonar frå dei ulike landa. DKS vil programmere uttrykk frå eitt eller fleire av partnerlanda for skuleåra 2017-2020. Dette vil bli gjort som del av det ordinære tilbodet i DKS og følgjeleg finansiert gjennom spelemidlar fylket får tilført til ordninga.

Fylkeskommunen vil på si side legge til rette lokale kulturproduksjonar som skal turnere i partnerlanda. Landa har ulike omsyn å ta for kva type produksjonar som vil vere best eigna å turnere, m.a. vil det vere språklige utfordringar. Frå Sogn og Fjordane vil dans og musikk vere område som vil høve i ein internasjonal samanheng, og som er nær knytt til vår kultur. Prosjektet vil såleis vere eit godt høve til å gje oppdrag til våre kunstnarar som såleis kan få ein utvida marknad å arbeide innan.

Fylkeskommunen får årleg tilført om lag 7 mill kroner av overskotet av Norsk Tipping til turnering i Den kulturelle skulesekken. For å sikre at vi har midlar til dei turneane/prosjekta vi planlegg, har vi sett av noko av desse midlane til bunde fond. Kostnadane med deltaking i det aktuelle EU-prosjektet kan dekkast av fondsmidlane. Pr. i dag har vi om lag 2,5 mill. kroner på fond. Fylkesdirektøren rår til at €150 (tilsvarande om lag 1,4 mill kroner) av fondsmidlane vert øyremerka deltaking i prosjektet. Løyvinga gjeld for heile prosjektperioden på tre år.

## 3. Konklusjon

Prosjektet er i tråd med DKS si målsetting om å turnere kunst og kultur til alle, uavhengig av geografiske og logistiske utfordringar. DKS har også som mål å formidle ei breidde av kultur både i uttrykk og nasjonale særtrekk. DKS har opparbeidd seg høg kompetanse i høve det å turnere i rurale område og dette kan tilføre viktig erfaring i prosjektet.

Utveksling av kultur er også ei viktig målsetting i prosjektet. Sogn og Fjordane vil kunne formidle gode utøvarar som formidlar kultur frå fylket i landa som er parter i prosjektet. Fylkesdirektøren rår til at Sogn og Fjordane fylkeskommune går med som partner i *Rural focused European creative and cultural cooperation project*.

Prosjektdeltakinga vil kunne gjennomførast innan eksisterande økonomiske rammer avsett til Den kulturelle skulesekken.